

Fylkesmannen har klaga på det kommunale vedtaket om å gje Brit Margrethe Dale busett på Stord dispensasjon frå reguleringsplanen slik at ho får oppføra treplattung og leggja ut flytebyggje på Skorpo.

Fylkesmannen meiner at forvaltningskomiteen sitt vedtak i saka må gjerast om slik at det blir gjeve avslag.

Han viser mellom anna til den skjerpa haldninga til strandsoneforvaltninga og at vedtaket strider i vesentleg grad mot planføremålet. Vedtaket vil difor kunne svekke planen som informasjonskjelde og planverktøy. Dette gjeld særleg fordi det er sett av areal til naust/båtplass like i nærleiken.

Vedtaket er også i strid med intensjonen bak byggje- og deleforbodet i 100-metersbeeltet langs sjøen. Tiltaket punkterer det samanhengjande grøne beltet mot fjorden i området, vil privatisere dette og medføre at landskapet blir skadelidande.

Fylkesmannen er spesielt kritisk til treplattung i ymse plan og spesielt når omfanget av denne delen av tiltaket ikkje går nærare fram.